



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Referat etter møte i Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Tysdag 22.nov kl 14.30 – 16.00, Skei Hotell, Jølster

Desse møtte:

Julie Sotnakk Aaland – Sunnfjord næringsutvikling

Erik Solheim – Naturvernforbundet

Kjell Arne Hjellbrekke – Indre Sunnfjord Turlag

Ole Gimmetad – grunneigar Gloppen/Sandane

Nils Magne Gjengedal – grunneigar Gloppen/Hyen

Atle Fimland – grunneigar Naustdal

Inge Erikstad – grunneigar Jølster

Vidar Djupvik – Førdefjella villreinutval

Rune Holen – Statens naturoppsyn

Håkon Myrvang – styreleiar verneområdestyre

Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

Saker

1. Velkommen. Opning av møtet

Møteleiar Håkon Myrvang opne møtet og fortalte litt generelt om styrearbeidet og forvaltninga.

Kort presentasjonsrunde rundt bordet.

2. Informasjon frå forvaltninga

- a. Verneområdeforvaltaren gjekk kort gjennom saker og forvaltning i 2016. Få eller ingen store eller konfliktfylte saker. Mindre byggesaker og motorferdselsaker som har heimel i verneforskrifta å støtte seg til. Mykje vert ordna med fleirårige løyver eller som delegerte vedtak.

- b. Tiltak som er gjennomført, eller som har fått støtte, i 2016:
- Klopplegging i Nesmarkja i Naustedalen
 - Skjøtsel på Arnestadstøylen
 - Utbetre stien til Arnestadstøylen
 - Utbetre stien til Breidalen
 - Parkeringsplass i Hestedalen
 - Parkeringsplassar på Jølster
 - Nye skilt i Traudalen
 - Bru i Ålhusdalen på Jølster
 - Vedlikehalde merkinga av T-merka ruter frå Gloppen til Longevasshytta
 - Merking og rydding av stiar i Kandalen-området
 - Klopplegging på stien frå Ryssdalsstøylen til Nesdalen
 - Produksjon av trekloppar

3. Besøksstrategi

Verneområdeforvaltaren orienterte om kva ein besøksstrategi er og kva som er målet med strategien.

4. Innspel frå utvalet til styret og forvaltninga

Det kom innspel både til forvaltninga generelt og til besøksstrategien.

Atle F: I satsingane på verdiskaping i og rundt verneområdet må ein ikkje gløyme dei «små» inntektene som kjem fellesskapet til gode. Til dømes parkeringsavgifter, fiskekort og liknande.

Alle stiar treng ikkje merkast og skiltast. Det bør heller informerast om områder og stiar som kan gåast utan at dei er merka, men kor det likevel både er trygt å gå og greitt å finne fram.

Erik S: Det er aukande etterspurnad etter kunnskap om naturen. Her kan ein lage til enkle publikasjonar om ulike tema.

I arbeidet med besøksstrategi bør styret vurdere soneinndeling i verneområdet; kor skal ein legge til rette og kor skal det vere «urørt».

Kjell Arne H: DNT har 2017 som «kunnskapsåret». Passer godt i ei satsing om meir kunnskap om naturen.
Det bør jobbast med betre skilting av rutene i landskapsvernområdet.
Dei øydelagde «Løveskilta» bør byttast ut, desse er skjemmaende slik dei er i dag.
Ein bør vurdere å satse på digital informasjon.

Nils Magne G: Det bør lagast ein felles standard for merking av ræser i og rundt landskapsvernområdet. Ein bør unngå mange ulike fargar, merker og måtar å merke på.

5. Forvaltninga sine planar for tiltak i 2017

Forvaltninga presenterer kva tiltak dei har "på blokka" som er aktuelle for tiltaksplanen for 2017:

- Faste årlege/jamlege tiltak – skjøtsel
- Ura ved Storevatnet
- Stien langs Stegsvatnet
- Geitabykset – stien til Ryssdalshornet
- Komplettere kloppar i Langedalen
- Stien til Arnestadstøylen (fleirårig plan)

6. Innspel om tiltak i 2017 frå utvalet

Innspel frå utvalet om aktuelle tiltak i tillegg til forvaltninga sine:

- Rydding av råsa frå Storevatnet og innover
- Ny bru over Rundebottselva
- Trekloppar i blautt parti innanfor Nesstølen
- Vurdere nye bruer ved Longevasshytta
- Kloppar på råsa innover mot Breidalen
- Digital informasjon (QR-kode eller liknande)

7. Eventuelt

Ingen saker